



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 1. februar 2021

Sak

2020/0352 Kyrkjeklokka Bladlag – org.nr. 979 827 350 – klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Til stades: leiar Martin Hennig, medlem Shabneet K. Bains og medlem Åse Gustavsen

Bakgrunn for saka

Kyrkjeklokka Bladlag (klagar) søkte 25. juli 2019 om meirverdiavgiftskompensasjon for regnskapsåret 2018. Søknadsbeløpet gjaldt et kompensasjonsbeløp på 23 441 kroner etter forenkla modell.

Lotteritilsynet avslo 2. desember 2019 søknaden, med den grunngivinga at klagar er tilknytt sokneråda, og at sokneråda kan leggje føringar for verksemda.

Klaga sende klage på vedtaket 9. desember 2019. Ifølgje klaga er Kyrkjeklokka Bladlag registrert som eiga juridisk eining i Brønnøysund og som ideell organisasjon i Frivilligregisteret. Klaga hevder at regelverket saksbehandlaren viser til, gjeld for kyrkjelova §§ 14 og 15, der kommunane har ansvar for finansiering og fellesrådet kan få kompensasjon etter lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. Dette gjeld ikkje for Kyrkjeklokka Bladlag.

Klaga hevdar vidare at Lotteritilsynet gjorde same feil i 2017, og viser til at Lotterinemnda gav bladlaget medhald i saka 29. august 2018 (sak 2018/164), med den grunngivinga at det var urimeleg at klaga skulle miste høvet til kompensasjon på grunn av organisasjonsform. Det blir elles vist til klaga i sin heilskap.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende 5. mai 2020 over klaga med innstilling.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (forskrifta).

Det følgjer av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav g at det blir ikkje gitt meirverdiavgiftskompensasjon til «Den norske kirke, de kirkelige fellesrådene, menighetsrådene, organisasjoner som direkte eller indirekte er tilknyttet slike eller

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

som et av rådene på annen måte kan legge føringer for, og virksomhet som ellers kommer disse organene til gode».

Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Kyrkjeklokka Bladlag si klage gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak 2. desember 2019 om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for regnskapsåret 2018.

Det går fram av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav g at Den norske kyrkja, dei kyrkjelege fellelråda og sokneråda er unnatekne frå ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon. Det følgjer vidare av ordlyden at «organisasjoner som direkte eller indirekte er tilknyttet slike eller som et av rådene på annen måte kan legge føringer for», heller ikkje skal få kompensasjon.

Kva tilknytting det er mellom organisasjonane, vil avhenge av ei konkret vurdering av den faktiske tilknyttinga mellom klagar og sokneråda, der moment som teologisk tilknytting, organisatorisk tilknytting og finansieringsmodell vil kunne vere relevante. Det er likevel naturleg å forstå «direkte» tilknytting slik at det krevst ei formalisert tilknytting, eller at sokneråda kan påverke delar av verksemda eller leggje føringar for verksemda på annan måte. Sjå Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2020/255.

Det går fram av punkt 1 i klagaren sine vedtekter at «[k]yrkjeklokka bladlag har til formål å gje ut Kyrkjelydsbladet Kyrkjeklokka i Hornindal og Stryn kommunar». Medlemmane i Kyrkjeklokka Bladlag er ifølgje punkt 2 «sokneråda i Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld». Kvart sokneråd har ei stemme på årsmøtet til klagar, jf. punkt 3 i vedtektene. Gjennom årsmøtet blir det valt styre og styreleiar, jf. punkt 7 nr. 8, og det blir bestemt retningslinjer for drifta og fullmakter til styret, jf. punkt 8. I punkt 6 står det vidare at «[s]oknerådene er, som utgjevarar av bladet, ansvarlege for å velje redaktørar og redaksjonelle medarbeidarar. Desse utgjer redaksjonen, som har ansvar for arbeidet med å gje ut Kyrkjeklokka, innanfor dei ramene som årsmøtet fastset.» Klagar sitt styre skal vidare ha tre medlemmar, ein frå kvart prestegjeld, jf. punkt 4 i vedtektene.

Slik Lotterinemnda oppfattar vedtektene, har sokneråda i Hornindal, Innvik og Stryn direkte påverknad på både drifta til klagar, kven som sit i klagar sitt styre, og kven som er i redaksjonen til kyrkjelydsbladet som klagar gir ut. I tillegg er sokneråda ansvarleg utgivar av bladet. Dette inneber etter nemnda sitt syn at klagar har ei direkte tilknytting til sokneråda.

Lotterinemnda har på bakgrunn av dette komme til at klagar si tilknytting til sokneråda er omfatta av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav g, slik at klagar fell utanfor ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon.

Klagar har vist til Lotterinemnda si sak 2018/164, som gjaldt klagar sin rett til meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2016. Lotterinemnda gav i den aktuelle saka klagar medhald i at klagar hadde slik rett. Avgjerande i saka var at klagar ikkje hadde ei direkte eller indirekte tilknyting til det offentlege gjennom at stat, fylkeskommune eller kommune kan påverke delar av verksemda, jf. dågjeldande forskrift 15. april 2013 nr. 386 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar. Etter nogjeldande forskrift er det avgjerande om klagar har direkte eller indirekte tilknyting til Den norske kyrkja, dei kyrkjelege fellesråda eller sokneråda. Nemnda har, som vist ovanfor, komme til at klagar har tilknyting til sokneråda, slik at klagar ikkje har rett til meirverdiavgiftskompensasjon.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klaga blir ikkje teken til følge.

Dokumentet er godkjent elektronisk